

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 06.03.2008 **Tid:** 08.00 – 09.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev og på e-post.

Av 5 medlemmer møtte 3 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Bright Olav Gåsdal
Marion Langhelle Pedersen

I staden møtte:

Andre som var tilstade på møtet:

Administrasjonssjefen

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 7. mars 2008

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart samrøystes vedteke.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes vedteken.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

| Utvalgssakstype/nr. | Arkivsaksnr. | Tittel |
|----------------------------|---------------------|---|
| 0016/08 | 08/00110 | BEMANNINGSSITUASJONEN I PLEIE- OG OMSORG. ØNSKE OM AUKA RESSURSAR PÅ SJUKEHEIMEN |

0016/08

BEMANNINGSSITUASJONEN I PLEIE- OG OMSORG. ØNSKE OM AUKA RESSURSAR PÅ SJUKEHEIMEN

Framlegg til vedtak:

Ei evt. permanent utviding av bemanninga på sjukeheimen må vente til gjennomgangen av organisasjonen er ferdig. Spørsmålet om mellombels auke i stillingsressurane til sjukeheimen må sjåast i samanheng med kommunen sine moglegheiter til å gje tilleggsløyving og kan tidlegast avgjerast i samband med neste budsjettrevisjon, dvs. i kommunestyremøte 24. april 2008.

Handsaming i møte:

Utvalet drøfta saka inngåande. Utvalet ser at sjukefråværet og arbeidspresset på kveldsvaktene på sjukeheimen er høgt. Både fordi me står føre ein gjennomgang av heile kommuneorganisasjonen og at det fortsatt er svært usikkert om Samnanger kommune har ein økonomi som toler vesentleg større driftsutgifter, er det vanskeleg for utvalet å auka opp bemninga på kveldsvaktene. Det vart m.a. vurdert mellombelse løysingar i påvente av orgnaisasjonsgjennomgangen

I møtet orienterte administrasjonssjefen om at det over lengre tid har pågått eit arbeid med å sjå på alternative løysingar av lokal legevaktsentral. Både tilsette og leiinga i pleie- og omrørgseininga og i sosial- og helseeininga er samde om at det må finnast ei anna løysing. Saka er ferdig utgreidd, og det er frå administrasjonen si side trekt konklusjon om at kommunen bør kjøpa desse tenestene av Hjelp 24. Ein vil då m.a. få frigjort ressursar på kveld, natt og helg til pleien på sjukeheimen, noko som vil hjelpa litt på den situasjonen som ligg til grunn for denne saka. Sjå vedlagde notat dagsett november 2007. Dette vart spilt inn av einingsleiar for sosial- og helseeininga i budsjettet då det krev ei ekstra løyving på opp mot 250.000 kroner på årsbasis.

Utvalet utarbeidde i fellesskap eit framlegg til vedtak som vart samrøystes vedteke. Personal- og økonomiutvalet meiner ut frå vedtaket i kommunestyret å ha fullmakt til å nytta midlar av tilleggsløyvingane i den aktuelle storleiken.

Vedtak:

Legevaktsentralen ved Samnangerheimen vert avvikla. Det vert inngått avtale med Hjelp 24 frå 01.04.08. PLO får behalda den ekstra ressursar som er lagt til legevaktsentralen v. Samnangerheimen. Det vert løyvd inntil kr 160.000 frå konto for tilleggsløyvingar til å kjøpa tenester frå Hjelp 24.

PØ-utvalet har merkja seg innspelet frå Fagforbundet om bemanningssituasjonen i PLO og vil leggja vekt på dette i det vidare arbeidet med gjennomgang av organisasjonen.